



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
29/2020	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	05.05.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FA-G21, HistSak-12/810	14/1317

### INTERKOMMUNAL LEGEVAKT (IKL) - REVISJON AV VERTSKOMMUNEAVTALE

#### Vedlegg:

Vertskommuneavtale om Voss interkommunale legevakt.docx  
Samarbeidsavtale mellom Voss herad og Helse Bergen HF.docx  
Vertskommuneavtale IKLV - signert (L)(136564)

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune godkjenner revidert vertskommuneavtale om interkommunal legevakt på Voss.

#### Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 29/2020

#### FPØ - Behandling:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### FPØ - Tilråding/Vedtak:

Vaksdal kommune godkjenner revidert vertskommuneavtale om interkommunal legevakt på Voss.

#### Bakgrunn for saka

Kommunestyra i deltakande kommunar vedtok i 2012 å følgja opp legevaktprosjektet «Felles legevakt i Hardanger og Voss» som starta som delprosjekt knytt til Samhandlingsreforma. Ny driftsform med Voss kommune som vertskapskommune skulle gjennomførast frå 2013/2014, men heilskapleg interkommunal legevakt vart først starta i januar 2017.

I samband med kommunesamanslåing mellom Voss kommune og Granvin herad vert avtalen revidert slik at samarbeidskommunane har felles legevaktteneste gjeldande frå 01.01.2020. Revidert vertskommuneavtale om Voss interkommunale legevakt skildrar samarbeidet mellom Voss herad som vertskommune og samarbeidande kommunar.

**Saksopplysningar:**

Voss herad er vertskommune for Voss interkommunale legevakt (IKL) og har lovpålagt ansvar for å drifta legevaktordninga. Voss interkommunale legevakt skal dekke ansvaret kommunane har etter Kommuneleva av 21. juni 2019, Lov av 24. juni 2011 om helse- og omsorgstenester med tilhøyrande føresegner i forskrift av 20.03.2015 Akutforskrifta. Samarbeidet er eit administrativt vertskommunesamarbeid med heimel i Kommuneleva § 20-2. Samarbeidsavtalen er inngått med heimel i Kommuneleva § 20-4.

For å sikra god kvalitet på tilbodet og akseptabel vaktbelastning, er det viktig at kommunane samarbeidar om dette.

Fordeling av kostnader mellom samarbeidskommunane vert slik:

- 81 % av kostnadane for legevakta, inkludert administrativ leiding og medisinsk ansvarleg lege, skal fordelast på deltakarkommunane etter ein kostnadsfordelingsnøkkel lik tal innbyggjarar pr. 1. januar i rekneskapsåret i deltakarakommunane dividert på det totale tal innbyggjarar i den interkommunale legevakta sitt nedslagsområde.
- 19 % vert fordelt likt på alle deltakande kommunar.

Kostnadane i samband med felles legevaktsjef i Hardanger og Voss legevaktdistrikt kjem i tillegg, sjå punkt 1.5. i Vertskommuneavtalen. Denne kostnaden skal også fordelast på Nye Ullensvang kommune etter same kostnadsnøkkel som over.

**Formelt grunnlag**

Kommuneleva, paragraf 20-2 og 20-4.

**Vurdering og konsekvensar**

Kommunane Vaksdal, Ulvik, Eidfjord og Voss inngår med denne avtalen eit interkommunalt samarbeid om felles legevakttenester med base på Voss. Voss herad er vertskommune for samarbeidet. Kvam herad har sin eigen legevaktstasjon og legevaktsentral på dagtid, men deltek i det interkommunale samarbeidet på natt.

Endringar i vertskommuneavtalen gjeld i hovudsak ny fordelingsnøkkel og kostnad for deltakande kommunar.

For Vaksdal kommune vert legevakta noko dyrare som følgje av samanslåing mellom Voss og Granvin. Når to deltakande kommunar vert ein, vert det færre kommunar til å dela kostnaden på. Men kostnadsauken vert noko redusert som følgje av ny fordelingsnøkkel der ein større del av kostnaden vert fordelt etter folketal i kommunane.

Kostnaden for Vaksdal kommune 2019: 3 720 338

Kostnaden Vaksdal kommune ville ha fått f.o.m. 01.01.2020 med fordelingsnøkkel 23/77: 3 924 896

Kostnaden for Vaksdal kommune frå 01.01.2020 med ny fordelingsnøkkel 19/81: 3 851 961

Fordeling av kostnader for felles legevakt fordelt på kommunane for 2020:

Voss: 12 124 841

Kvam: 1 682 002

Eidfjord: 1 538 831

Ulvik: 1 676 632

Vaksdal: 3 851 961

Ullensvang: 211 233

